

INFORMASJON

Trimromutbygging ved klubbhuset

Styret i Sandsøy Idrettslag har i haust kome i gang med eit prosjekt der målet er å utvide klubbhuset i Oshaugane. Ein jobbar no med å konkretisere planane og det vil kome eit forslag som vert teke opp på årsmøtet på nyåret.

Bakgrunnen for prosjektet er at mange dei siste åra har etterlyst og ytra ønskje om eit trimrom på Sandsøya. Idrettslaget har fått fleire innspel på korleis ein kan få til dette, og for ei tid tilbake tok styret avgjerda om å bygge ut vårt eige hus.

I tillegg til trimromet, er det planlagt å bygge to garderober med dusj og toalett. Til å finansiere prosjektet, vil SIL bruke ein del av eigne pengar, samt at ein vil søkje om både spelemidlar, momskompensasjon og liknande.

Arbeidet vil hovudsakleg bli utført gjennom dugnad.

Forslaget til styret består av om lag 50 m² trimrom og 20 m² for kvar av dei to garderobene.

Plan- og fasadeteikningar er under utforming, og vil bli offentleggjort etter kvart.

Presentasjon under årsmøte

Første mål på vegen er at heile planleggingsarbeidet skal vere ferdig til årsmøtet neste år. Der vil prosjektet bli presentert på detaljnivå slik at alle som er interessert, får vite det som er nødvendig.

Også vil årsmøtet måtte godkjenne planane, og eventuelle innspel/endingar blir tekne med.

På biletet under ser du kvar tilbygget er tenkt og omtrent storleiken og utforminga.

Dersom nokon har gode innspel til prosjektet, tek vi sjølvsagt i mot slike med stor takk!

